

Hordaland Fylkeskommune  
Kultur og idrettsavdelinga  
Pb 7900  
5020 Bergen

Hordaland Fylkeskommune

01 OKT 2015

Etne 29.09.2015

Dykkar ref:  
2015/1175-4

### **Merknader til: Stødleterrassen. Fredingsforslag til høyring og offentleg ettersyn.**

Viser til brev frå Hordaland fylkeskommune ” *Stødleterrassen. Fredingsforslag til høyring og offentleg ettersyn* ”

Gnr. 36, bnr. 4 på Sørheim driv i dag hovudsakleg med mjølkeproduksjon, kjøttfe og hest. Bruket er i ferd med å overta gnr. 36 bnr. 11 (kjøpsavtale og konsesjon er på plass) og vil bli ein del av Steinshagen Samdrift DA om kort tid. Ca 50 dekar av bnr. 4 og ca. 84 dekar av bnr. 11 er berørt av forslag til områdefreding frå Hordaland fylkeskommune. Omlag 115 dekar er fulldyrka mark medan det resterande i all hovudsak er overflatedyrka mark.

#### **Formålet med fredinga**

Formålet med fredingsforslaget er i følgje fylkeskommunen å ta vare på kulturminne og samanheng mellom desse og landskapet dei ligg i. Største parten av arealet er djupdyrka og planert i "moderne tid". Terrengformasjon er vesentleg endra som følgje av dette. Potensiale for nye funn må reknast som minimale for dette arealet. Alle kjende kulturminne i området er ivaretatt som automatisk freda kulturminne etter Kulturminnelova, og har difor ikkje behov for denne områdefredinga.

Kulturminnelova fastset og "undersøkelsesplikt" for alle større private samt offentlege tiltak.

Kan ikkje sjå at områdefredinga bidreg med anna enn økt byråkrati og lokal frustrasjon.

#### **Følgjer av fredinga**

Fredingsforslaget vil etter vårt syn resultere i ei detaljstyring og eit byråkrati som vil føre til redusert eller nedlagt drift for landbruket i området. Dette medfører attgroing av areal og vil øydelegge både kulturminne og kulturlandskap.

Det er relativ uinteressant å vera sjølvstendig næringsdrivande på eige bruk når alt ein skal til med av tiltak skal detaljstyrast frå fylkeskommune. Erfaring me har alt i dag er at dette medfører ein vesentleg ekstrakostand for drifta, samt at sakshandsaming frå fylkeskommune tar urimeleg lang tid og skapar store utfordringar i høvet til å følgja eigen driftsplan for bruket.

Området som er foreslått freda inneheld ein urimeleg stor andel av fulldyrka mark. Dette er noko av Hordalands beste og mest produktive jordbruksland. Konsekvensane for landbruk og

næring knytte opp mot landbruk er ikkje tatt omsyn til. Etne er ein kommune med relativ få arbeidsplassar, og landbruk er ei sær viktig næring for kommunen og regionen.

### Oppsummering

- Dette er ei freding til forfall og forargelse, og vil vera starten på ein sakte nedlegging av landbruk og attgroing av kulturlandskap.
- Fredinga omfattar eit heilt urimeleg stort areal. Fylkeskommunen burde heller bruke ressursane sine på å ta vare på dei allereie kjende kulturminna. Desse er i dag godt verna innanfor automatisk freding. I staden for å provosera grunneigarar med ein urimeleg byråkratisk og detaljstyrande plan for området, burde ein søkja samarbeid med grunneigarane og einast om ein skjøtselsplan for dei kjende kulturminna me har.
- Bakgrunn for områdefreding er oppfatta som i første rekkje å stogga eller avgrensa masseuttak frå terrassen. Dette kan gjerast med heilt andre midlar og med langt mindre konsekvensar for anna nærings og private interesser i området.
- Vern av dei kjende kulturminna er allereie tilstades og tilstrekkeleg. Resten av arealet bør takast ut av planen. Sekundært bør all djupdyrka areal, samt bebygd areal med naturleg utviklingsareal takast ut av planen.
- Fredinga i si omfang og form står i sterk kontrast til signal frå regjering og storting om økt lokalt sjølvstyre.

### Konklusjon

Me stiller oss sær negativ til forslaget til områdefreding. Anbefaler at fylkeskommune skrinlegg planen om områdefreding og heller nyttar ressursane på å gå i dialog med lokale grunneigarar og Etne kommune for å utarbeida gode skjøtselsplanar for dei kjende kulturminna i området.

Mvh

Tove og Andreas Aune

Grunneigarar Gnr 36. Bnr. 4

*Andreas Aune Tove Aune*

*Kopi: Etne Kommune*